



Stad kommune

Arkiv: PLANID-2022010,
PLANNAMN-
etaljregulering for
Stad skipstunnel, FA-
L13, FA-L12
JournalpostID: 26/38172
Saksbehandlar: Svein Arne Tennebø
Fure
Dato: 18.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/090	Stad formannskap	03.09.2026

Klage på vedtak om mindre endring av reguleringsplan for Stad skipstunnel

Bakgrunn for saka:

Stad formannskap vedtok den 07.05.2026 mindre endring av reguleringsplan for Stad skipstunnel i sak 26/056. Vedtaket var samrøystes, og var i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. I kunngjeringa av vedtaket vart klagefristen sett til 01.06.2026.

Hovden Senior AS har klaga på vedtaket i brev av 29.05.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Klage på mindre endring av reguleringsplan for Stad skipstunnel vert ikkje teken til følge. Klaga vert oversendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.

Vedlegg i saka:

29.05.2026	Saknr 26/056 - klage på vedtak	1855532
29.05.2026	AcosSvarInn.xml	1855533
04.06.2026	Merknad til kunngjering om planvedtak om mindre endring - detaljregulering for Stad skipstunnel - Stad kommune	1856708
04.06.2026	AcosSvarInn.xml	1856709
27.05.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring	1850220
07.05.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Planendring i medhald av Plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd - Vedtak	1847166
30.04.2026	Reguleringsendring_Beskrivelse_Stad skipstunnel_25.02.2026	1848054
30.04.2026	Stad skipstunnel_reviderte føresegner_28.04.2026	1848038
30.04.2026	Plankart_Stad skipstunnel_25.02.2026	1848055
30.04.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av plan - Vurdering av merknadar	1848039
30.04.2026	Fråsegn til endring av plan etter forenkla prosess - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	1848041

30.04.2026	Mattilsynets merknader til mindre endringer i detaljregulering for Stad skipstunnel	1848043
30.04.2026	Fråsegn - mindre endring - reguleringsplan - endring - Stad skipstunnel - plan-id 2022010	1848042
30.04.2026	NVE sin uttale - Ingen merknad - Endring etter forenkla prosess - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Stad kommune	1848044
30.04.2026	Uttale - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av reguleringsplan i medhald av pbl. § 12-14 - Høyring - Stad kommune	1848045
30.04.2026	Kulturmiljøfagleg fråsegn - Høyring - mindre endring av reguleringsplan - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	1848046
30.04.2026	Referat frå møte 25.03.2026 - Endring av rekkefølgekrav - Detaljreguleringsplan Stad skipstunnel	1848040
30.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN1_NTM5_25.02.2026	1848047
30.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN2_NTM5_25.02.2026	1848048
30.04.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN4_NTM5_25.02.2026	1848049
30.04.2026	26/16336 Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad kommune	1848050
30.04.2026	Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad(986557)	1848051
30.04.2026	Notat om utbetring av Eide-krysset.pdf(986558)	1848052
30.04.2026	Oversendelse reguleringsendring etter forenklet prosess for Stad skipstunnel	1848053
30.04.2026	A12-NOT-YM-00001 Sjøfylling entr Moldefjorden	1848061
30.04.2026	Notat for dokumentasjon av marginal effekt på bunnflora/fauna utvidet fyllingsfot Adm planendring	1848059
30.04.2026	A12-NOT-YM-00001 Sjøfylling entr Moldefjorden	1848060
06.05.2026	Referat frå møte med Hovden Senior den 28.04.2026	1847779
20.04.2026	Fråsegn til endring av plan etter forenkla prosess - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	1845520
20.04.2026	AcosSvarInn.xml	1845521
17.04.2026	Fråsegn - mindre endring - reguleringsplan - endring - Stad skipstunnel - plan-id 2022010	1845235
17.04.2026	AcosSvarInn.xml	1845236
15.04.2026	Mattilsynets merknader til mindre endringer i detaljregulering for Stad skipstunnel	1844300
15.04.2026	AcosSvarInn.xml	1844301
10.04.2026	NVE sin uttale - Ingen merknad - Endring etter forenkla prosess - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Stad kommune	1842792
10.04.2026	AcosSvarInn.xml	1842793
07.04.2026	Uttale - Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av reguleringsplan i medhald av pbl. § 12-14 - Høyring - Stad kommune	1842063
07.04.2026	AcosSvarInn.xml	1842064
26.03.2026	Kulturmiljøfagleg fråsegn - Høyring - mindre endring av	1840499

	reguleringsplan - detaljregulering for Stad skipstunnel - planID 2022010 - Stad kommune	
26.03.2026	AcosSvarInn.xml	1840500
30.03.2026	Referat frå møte 25.03.2026 - Endring av rekkefølgekrav - Detaljreguleringsplan Stad skipstunnel	1840416
25.03.2026	Innspel til saksnummer 26/6091	1840173
25.03.2026	Innspel til saksnummer 266091	1840174
24.03.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av reguleringsplan i medhald av pbl. § 12-14 - Høyering	1838684
20.03.2026	Oversendelse reguleringsendring etter forenklet prosess for Stad skipstunnel	1838685
20.03.2026	Reguleringsendring_Beskrivelse_Stad skipstunnel_25.02.2026	1838686
20.03.2026	Plankart_Stad skipstunnel_25.02.2026	1838687
20.03.2026	Stad skipstunnel-reviderte føresegner_25.02.2026	1838688
20.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN1_NTM5_25.02.2026	1838689
20.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN2_NTM5_25.02.2026	1838690
20.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN4_NTM5_25.02.2026	1838691
20.03.2026	26/16336 Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad kommune	1838692
20.03.2026	Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad(986557)	1838693
20.03.2026	Notat om utbetring av Eide-krysset.pdf(986558)	1838694
20.03.2026	AcosSvarInn.xml(986554)	1838695
13.03.2026	26/16336 Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad kommune	1835387
13.03.2026	Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad(986557)	1835388
13.03.2026	Notat om utbetring av Eide-krysset.pdf(986558)	1835389
13.03.2026	AcosSvarInn.xml(986554)	1835390
26.02.2026	Oversendelse reguleringsendring etter forenklet prosess for Stad skipstunnel	1831742
26.02.2026	Reguleringsendring_Beskrivelse_Stad skipstunnel_25.02.2026	1831743
26.02.2026	Plankart_Stad skipstunnel_25.02.2026	1831744
26.02.2026	Stad skipstunnel-reviderte føresegner_25.02.2026	1831745
26.02.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN1_NTM5_25.02.2026	1831746
26.02.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN2_NTM5_25.02.2026	1831747
26.02.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN4_NTM5_25.02.2026	1831748
19.03.2026	Detaljregulering for Stad skipstunnel - Mindre endring av reguleringsplan i medhald av pbl. § 12-14 - Høyering	1830768
10.03.2026	Oversendelse reguleringsendring etter forenklet prosess for Stad skipstunnel	1835380
10.03.2026	Reguleringsendring_Beskrivelse_Stad	1835381

	skipstunnel_25.02.2026	
10.03.2026	Plankart_Stad skipstunnel_25.02.2026	1835382
10.03.2026	Stad skipstunnel-reviderte føresegner_25.02.2026	1835383
10.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN1_NTM5_25.02.2026	1835384
10.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN2_NTM5_25.02.2026	1835385
10.03.2026	Reguleringsendring_Stad skipstunnel__VN4_NTM5_25.02.2026	1835386
19.03.2026	26/16336 Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad kommune	1835391
19.03.2026	Krav om utbetring av Eide-krysset knytt til detaljreguleringsplanane Stad skipstunnel og Lesto næringsområde - Stad(986557)	1835392
19.03.2026	Notat om utbetring av Eide-krysset.pdf(986558)	1835393
19.03.2026	AcosSvarInn.xml(986554)	1835394

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/090 Vedtak:

Klage på mindre endring av reguleringsplan for Stad skipstunnel vert ikkje teken til følge. Klaga vert oversendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjersle.

Saksopplysningar:

Endring frå opphavleg planvedtak:

I all hovudsak kan endringane frå opphavleg vedtak om detaljregulering for Stad skipstunnel gjengjevast i to punkt:

- Ei innsnevring av annan veggrunn (tekniske anlegg) til eit tre metersbelte tilhøyrande regulert veg. Arealbruken vert endra til annan veggrunn (grøntareal). Totalt er det aktuelle arealet på 460 m², og endringa vert utført for at det ikkje skal tilretteleggast for anna enn ordinær vegskulder som del av fylkesvegen på strekninga. Arealet innanfor området sikrar plass til opparbeiding av tursti/passasje for kryssing av tunnelen til fots.
- Formålsgrensa for farlei vert tilpassa endeleg geometri, som gjer at også formålsgrense for kai vert justert tilsvarende. Simuleringar viser behov for forlenging av leiekonstruksjonen med 75 ut i dagen. Vidare medfører dette at portalbreidda er auka med 4 m.

Det er også ytterlegare nokre andre endringar frå opphavleg vedtak av mindre vesentleg karakter og omfang. Det vert vist til saksutgreiing for Stad formannskap i sak 26/056 for meir utfyllande oppsummering av endringane.

Klage:

Hovden Senior AS har klaga på vedtaket i brev av 29.05.2026. Klaga vert gjengjeven i sin heilskap i det følgjande:

«Hovden Senior AS ønsker med dette å klage på vedtak i sak 26/056.

Klagen gjeld at merknader til Hovden Senior AS ikkje vert hensyntatt, verken samla eller kvar for seg.

Dialog med Stad kommune og Kystverket på sida av merknaden har foreløbig ikkje gitt formelle resultat, avklaringer eller forsikringer og Hovden Senior AS ser difor at selskapet ikkje har noko anna val enn å påklage vedtaket til Stad kommune.

Slik vedtaket ligg føre no, og utan at Hovden Senior AS får medhald i sine merknader, og/eller forsikringer/avklaringer som er diskutert i dei to siste møta som er avhaldne, vil Hovden Senior AS ikkje kunne drifte og utvikle eige selskap fra eigedomen i Kjøde.

Det blir difor no også varsla om at eit endelig vedtak i saka, utan at merknadane vert hensyntatt (eller Hovden Senior AS får nødvendige avklaringar/forsikringar, diskutert i møter nyleg), vil kunne medføre at Hovden Senior AS kan krevje erstatning og/eller innløyising av eigedommen, etter nærare juridiske vurderingar.»

Alle saksdokumenta i saka er lagt ved dette saksframlegget, det inkluderer referat frå møte med Hovden Senior AS den 28.04.2026.

Vurdering:

Hovden Senior AS er grunneigar innanfor planområdet til Stad skipstunnel, og ein av dei næraste naboane til entringsportalane, og er dermed part i saka. Klagar har følgjeleg også klagerett på vedtaket, jf. fvl. § 28. Klaga er rettidig framstilt, jf. fvl. § 29.

Ettersom klaga ikkje spesifikt angir kva merknadar og avklaringar det vert vist til, vert merknadane frå Hovden Senior AS i høyringsperioden, samt presiseringar frå møtereferat oppsummerte i det følgjande:

- Avgrensingar knytt til bruk av KAI 1.3 og HOS 1.1 i reguleringsplanen må fjernast (mellombels bygge- og anleggsområde) slik at Hovden Senior AS kan drifte reiarlaget best mogleg framover med størst mogleg føreseielegheit.
- Moloarm frå H 1.2 må trekkast lenger unna KAI 1.3 og vinklast utover i sjø nærare H 1.2.
- Hovden Senior AS ber om garanti på at føreslegen reguleringsplan med utviding av næringsareal på gbnr. 202/30 vert gjennomført uavhengig av framdrift i prosjektet Stad skipstunnel.

Etter det kommunedirektøren kan sjå, gjeld ikkje klagegrunnane endringane frå opphavleg planvedtak, men andre utanforliggende forhold. Dette er berre endringane frå opphavleg vedtak til nytt vedtak som kan påklagast.

Det at ein ikkje har fått fullt ut medhald i merknadar ein har kome med i høyringsrunda og på møte, er ikkje det same som at ein ikkje har fått medverka til planen. Det er dessutan presisert at fleire av forholda som Hovden Senior AS peikar på, vil bli vurderte i samband med ein større revisjon av reguleringsplanen for Stad skipstunnel. Dette arbeidet er allereie starta opp, og det vil vere større rom for å kunne gjere endringar i ein slik prosess enn ved ei mindre endring, då ein er meir bunden til kun å gjere mindre endringar som ikkje går utover hovuddrammene eller gjennomføringa av opphavleg planvedtak.

For øvrig kan det nemnast at Hovden Senior AS er imøtekomen på alle innspel knytt til mindre endring av reguleringsplan, med unntak av kravet om å fjerne det mellombelse bygge- og anleggsområdet. Dette er område ein ikkje kan fjerne, då det er eit verkemiddel Kystverket treng for å sikre at dei kan krevje båtar fjerna i anleggsperioden. Det vert arbeidd med annan kaiplass i

anleggsperioden, men dette er ikkje endeleg avklart.

Slik kommunedirektøren ser det er det ikkje grunnlag for å ta klaga til følge. Det vert samstundes oppmoda om at klagar kjem med dei same innspela i samband med planendringa av heile reguleringsplanen. Aktuelle, formålstenlege og framtidsretta løysingar vil ein då kunne arbeide med å få inn i reguleringsplanen.

Økonomisk berekraft:

Klagesakshandsaming er ikkje gebyrbelagt, og saka har ingen direkte økonomiske konsekvensar for Stad kommune.

Sosial berekraft:

Klagesaker har ingen direkte konsekvens for sosial berekraft. Dette skal vere ivareteke i samband med førstegangsvedtak.

Miljømessig berekraft:

Klagesaker har ingen direkte konsekvens for miljømessig berekraft. Dette skal vere ivareteke i samband med førstegangsvedtak.